
Fra: Post Alver byggesak
Sendt: mandag 6. april 2020 10:34
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: [BULK] Sammenslåing av 2 boenheter gbnr 118/1
Vedlegg: Gammelt hus 118_1 Vedlegg 2.pdf; Tilbygg til 118_1 Vedlegg 1.pdf; Søknadskjema 118_1.pdf

Fra: Olav-Kåre [<mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no>]
Sendt: mandag 6. april 2020 10:31
Til: Post Alver byggesak
Emne: [BULK] Sammenslåing av 2 boenheter gbnr 118/1

Hei.

Etter avtale sender eg søknad på nytt om å få endra bygningskode på 118/1 frå 112 til 111 slik at det samsvarar med den bruk huset har. Det skal ikkje gjerast bygningsmessige endringar.

Kvifor det vart søkt om 2 einingar når huset vart påbygd i 1984 kan eg ikkje svara på, men bruken har alltid vore å betrakta som 1 husvære.

Det har aldri vært noko utleige av nokon del og det er heller ikkje planar om det.

Legg ved litt dårlig kopi av dei teikningar som viser ferdig bygd romfordeling på tilbygg frå 1984. Det har ikkje vore endringer seinare.

Når det gjelder gammalt gardsbygg, så står det i bygdebok for Lindås at det er frå 1884, eg antar at det stemmer. Grunnflata på det er ca 60m² og består av uisolert kjeller med steinmur (ulike takhøgder), hoveddel der eg har lagt ved ei målsatt teikning som er laga før utbygging og loftsdel med skråtak som også har ulike takhøgder.

Det er det eg har av underlag som vert lagt ved.

Mvh
Olav-Kåre Tykhelle

----- Original Melding -----

Fra: "Post Alver byggesak" <byggesak@alver.kommune.no>

Til: "Olav-Kåre" <olav-kaare.tykhelle@online.no>

Sendt: 26.03.2020 14.41.39

Emne: vedr. søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter gbnr 118/1

Hei!

Bustaden din, er registrert med bygningskode 112 som er einebustad med hybel/sokkelleilighet, dvs 2 bueiningar. Dette samsvarar med det bustaden er godkjend som, jf. byggesak frå 1984, der det er godkjend etablert separat bueining i kjellaretasjen som er adskilt frå resten av bustaden. Det går ikkje fram av kommunen sitt arkiv at det er gjort endringar i kjellaretasje med samanføyning av bueiningar etter at huset vart oppført. Godkjende teikningar frå 1984 følgjer vedlagt.

Planteikningane viser ikkje det gamle huset, berre ein liten del av det.

Både i vedtak og søknad står det 2 husvære. Du må senda inn fullstendig søknad med teikningar til post@alver.kommune.no. Og evt. med søknad om fritak frå kravet om ansvarsrett.

Du må skriva litt om korleis huset er, og om Du skal gjera nokon endringar .

Dersom Du skal bruka heile bustaden sjølv, kan Du søkja om samanslåing av bueiningar. Dette er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova som krev bruk av ansvarlege føretak. Søknaden skal dokumenterast i samsvar med krav som følgjer av plan- og bygningslova med forskrifter og må sendast inn av eit ansvarleg føretak. Det må sendast inn teikningar som viser både eksisterande og ny planløsning. Der samanslåinga ikkje utløyser bygningsmessige arbeid, eller der det bygningsmessige arbeidet som skal utførast er lite teknisk komplisert, vil vi kunne vurdera å gje fritak frå kravet om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova § 23-1.

Avgiftsgrunnlaget for vatn og avløp er basert på definisjon av kva som er ei bueining i matrikkelen. Om samanslåing av bueiningar etter plan- og bygningslova er tilstrekkeleg for å få endra status i matrikkelen og dermed grunnlaget for berekning av vass- og avløpsgebyra, kan ikkje byggesaksavdelinga ta stilling til. Endeleg avklaring må gjerast med vass- og avløpsavdelinga.

Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@alver.kommune.no

Fra: Olav-Kåre [mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no]

Sendt: torsdag 26. mars 2020 13:59

Til: Post Alver byggesak

Emne: [BULK] Sv[2]: [BULK] Vs: Sv: vedr. søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter gbnr 118/1

Hei.

Takk for tilbakemelding.

Det var dei teikningane eg har bruk for.

Må eg senda søknadskjema på nytt med tegningar som vedlegg, eller kan dei leggest ved søknad som eg allerede har sendt?

Mvh

Olav-Kåre Tykhelle

----- Original Melding -----

Fra: "Post Alver byggesak" <byggesak@alver.kommune.no>

Til: "Olav-Kåre" <olav-kaare.tykhelle@online.no>

Sendt: 26.03.2020 12.45.22

Emne: SV: [BULK] Vs: Sv: vedr. søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter gbnr 118/1

Hei eg viser til din mail under. I vårt arkiv ligger det noen tegninger av huset. Jeg har lagt disse ved i denne mailen, håper dette er til hjelp.

Ingrid Bjørge Pedersen | Rådgjevar plan og byggesak

Telefon: +47 56 37 58 78

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@alver.kommune.no

Fra: Olav-Kåre [mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no]

Sendt: torsdag 26. mars 2020 11:04

Til: Post Alver byggesak; Larissa Dahl

Emne: [BULK] Vs: Sv: vedr. søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter gbnr 118/1

Hei.

Eg er usikker på om min mail har komt fram (fekk adresse frå kommunen) og sender derfor på nytt.

I tillegg kan eg opplyse at bruk av husvære etter påbygging har vært slik at mine foreldre hadde burett fram til dei døde. Far min sist i 2007.

Huset har heile tida vært i bruk som ein enhet.

Mvh

Olav-Kåre Tykhelle

----- Videresendt Melding -----

Fra: "Olav-Kåre" <olav-kaare.tykhelle@online.no>

Til: larissa.dahl@alver.kommune.no

Sendt: 19.03.2020 14.10.06

Emne: Sv: vedr. søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter gbnr 118/1

Hei.

Prøvde å nå deg på telefon før eg sendte over ,men lykkast ikkje.

Fann ut at det ikkje var så mykje på vedlagt skjema som var relevant, sender derfor som det er.

Når det gjelder teikningar, så har eg so langt berre funne originale bygningstegninger frå 1984. Dei er tegna på "gammeldags tegnepapir" og ikkje så lett å få sendt elektronisk.

No vart det jo lagt ved tegninger når byggesøknad vart sendt inn i 1984 og dei er ikkje endra. Eg veit ikkje korleis de arkiverer slikt, men det hadde vært fint om dei kunne brukast.

Legg ved utfylt skjema.

Mvh

Olav-Kåre Tykhelle

----- Original Melding -----

Fra: "Post Alver byggesak" <byggesak@alver.kommune.no>

Til: "Olav-Kåre" <olav-kaare.tykhelle@online.no>

Sendt: 18.03.2020 15.40.56

Emne: vedr. søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter gbnr 118/1

Ja, send til oss søknad og søk om fritak for ansvarsrettar da det skal ikkje utførast byggearbeid. Ta med teikningar før og etter.

Larissa Dahl | Rådgevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@alver.kommune.no

Fra: Olav-Kåre [mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no]

Sendt: onsdag 18. mars 2020 14:40

Til: Post Alver byggesak

Emne: [BULK] Sv: tilleggsinformasjon om søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter gbnr 118/1

Hei.

Mi sak krever ingen bygningsmessige endringar. Det er nok slik at bygget vart feil definert når eksisterande bygg vart utvida i 1984.

Det er berre ei feildefinisjon som må rettast opp i.

Eg kan gjerne fylla ut skjema , men det endrar ikkje at det ikkje skal utførast noko arbeid.

Mvh

Olav-Kåre Tykhelle

----- Original Melding -----

Fra: "Post Alver byggesak" <byggesak@alver.kommune.no>

Til: "olav-kaare.tykhelle@online.no" <olav-kaare.tykhelle@online.no>

Sendt: 18.03.2020 13.46.38

Emne: tilleggsinformasjon om søknadsprosessen sammenslåing av to boenheter
gbnr 118/1

Hei

Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-3 krev bruk av ansvarlege føretak. Ansvarleg søker har ansvar for å visa at tiltaket er planlagt slik at det tilfredsstiller alle krav i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Der samanslåinga ikkje utløyser bygningsmessige arbeid eller der det bygningsmessige arbeidet som skal utførast er lite teknisk komplisert, vil det kunne vurderast å gje fritak frå kravet om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova § 23-1. Men Du må levere søknad med teikningar før og etter ombygging.

Håper dette var avklarande.

Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@alver.kommune.no